



Sigrun Høgetveit
Våmartveitvegen 10

3890



Delegert sak nr. 18/5

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2017/1844	387/2018	GBNR	08.01.2018

Vedtak - Søknad om kommunalt tilskot til landbruk på gnr. 57/1 Høgetveit

Dokument i saka:

Søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål, datert 2.8.2017
Vedtak om investeringstilskot frå Innovasjon Norge, datert 26.4.2017
Kostnadsoverslag og finansieringsplan

Bakgrunn:

Sigrun Høgetveit og Lars Teigen søker om kommunalt investeringstilskot i samband med generasjonsskifte - til oppgradering av driftsbygningen på eigedomen Høgetveit gnr. 57/1 i Bøgrend. Dei overtok eigedomen for snart to år sidan og, dei nye eigarane ynskjer å halde fram med sauehaldet på garden etter foreldra til Sigrun. Sist vinter er det søkt om produksjonstilskot på 103 vaksne søyer og 30 sauer under eitt år. Søkjarane vil drive vidare på dette nivået.

Landbruksrådgjevar har, i saman med byggteknisk rådgjevar Tangen frå Norsk Landbruksrådgjeving vore på staden. Eksisterande driftsbygning er såpass slitt og godt brukt at søkjarane ikkje ser noko anna alternativ i dag enn å ruste opp fjoset, for å kunne drive vidare på ein rasjonell måte i tråd med dagens krav.

Kostnadsoverslaget er på kr 847 000,-. Innovasjon Norge har ytt eitt tilskot på kr 350 000,- til denne oppgraderinga.

Eigedomen i Bøgrend har gode jord – og beiteressursar, og det er samstundes tilgjengeleg leigeareal i rimeleg avstand. I følgje gardskartet disponerer garden 61 dekar fulldyrka jord, 22 dekar innmarksbeite som inngår i eit samla areal på 2100 dekar. Det blei søkt om areal-

tilskot på tilsaman vel 130 dekar slåttemark og 40 dekar innmarksbeite. Noko av dette er nyleg rydda ved hjelp av SMIL-tilskot. Familien er i dag medlem i Bøstå beitelag, der beiteområde grenser ned til garden. Beitelaget sette for nokre år sidan opp eit lengre sperregjerde for å halde dyra på plass.

Vi ser på søkjer som godt kompetente og motivert til en investering og drift som dette. Søkjer har vakse opp i ein familie med gardsbruk i Vinje. Det er ein familie med mykje kunnskap innan sauehald, og foreldre til søkjer vil - om dei ynskjer - kunne bidra i drifta på garden i mange år ennå om det er trong for det.

Søknaden er i tråd med kommune- og landbruksplanen for Vinje kommune, der pleie av kulturlandskap og stimulering av sauehald er ein del av målsetjinga. I Vinje har det dei siste åra vore stor satsing innan storfe – og geitehald. Sauehaldet har i denne perioden hatt ein tilbakegang – noko ein ser på som svært uheldig i ein kommune med store utmarksbeite. Derfor er det særleg positivt at vi får ei investering og satsing som dette. Ikkje minst også då dette også skjer i samband med eit generasjonsskifte.

Det er positivt at ein ressurssterk ung familie vel å overta og busette seg på landbrukseigedomar i Vinje, og ikkje minst at dei ønskjer å halde fram med sauehald etter sine foreldre. Vi vil tilrå søknaden

Søknaden er i tråd med regelverk for kommunalt tilskot til landbruksføremål – der Vinje kommune kan yte eit tilskot på 20 % av kostnadsoverslag til driftsbygning for ombygging eller oppgradering. Det vil seie at det blir gjeve tilsegn på eitt tilskot kr 170 000,-

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret gjev i medhald av kommunalt regelverk Sigrun Høgeveit eit tilsegn på tilskot kr 170 000,- til oppgradering av driftsbygning på sau på gnr. 57/1. Det vert sett følgjande vilkår:

1. Arbeidsfrist 31.12.2019
2. Prosjektet skal vere fullfinansiert før bygging
3. Det er søkjer sitt ansvar at bygging og drift blir gjort i tråd med gjeldane lover og reglar.
4. Sluttutbetaling skjer ved synfaring og dokumentasjon av kostnader
5. Skriftleg aksept av vilkår for tilskotet, jf vedlegg

Med helsing

Toril Nicolaisen
nærings sjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.